



## Framtidig skulestruktur i Stranda

# HØYRINGSBOK

## Innhold

Generelt.....	4
Mandat , framdrift og saksgang .....	4
Gjennomført saksgang og vedtak:.....	4
Mandat til utgreiing (jfr saksutgreiing FOR 089/16).....	4
Vidare sakshandsaming:.....	5
Lovgrunnlag .....	5
Demografi /folketalsframskriving for Stranda.....	6
Skulestruktur, stabile tilhøve.....	6
Likeverdig skuletilbod/ endringar i elevtal .....	7
Skulestorleik .....	7
Kompetanse og rekruttering generelt / fagmiljø .....	9
Læringsmiljø .....	9
Skulebygg.....	9
Skuleskyss .....	9
Skulen sin plass i nærmiljøet .....	11
Liabygda skule .....	12
Elevtalsutvikling.....	12
Alternativ som er vurdert .....	12
Reiseavstandar .....	12
Økonomi .....	12
Rådmannen si vurdering av Liabygda skule si framtidige drift .....	13
Geiranger skule.....	15
Elevtalsutvikling.....	15
Alternativ som er vurdert av arbeidsgruppa .....	15
Reiseavstandar/ skuleskyss .....	15
Økonomi .....	16
Rådmannen si vurdering av Geiranger skule si framtidige drift.....	16
Sunnylven skule.....	17
Elevtalsutvikling.....	17
Alternativ som er vurdert .....	17
Reiseavstandar/ skyss.....	17
Økonomi .....	17
Rådmannen si vurdering av Sunnylven skule si framtidige drift .....	18



## Generelt

### Mandat , framdrift og saksgang

Bakgrunn for saka om skulestruktur er bestillinga til formannskapet i sak 040/16

“ Formannskapet ber administrasjonen starte arbeidet med ny skulestruktur”

### Gjennomført saksgang og vedtak:

#### FOR 089/16

“Formannskapet ber rådmannen opprette nødvendige arbeidsgrupper samt gjennomføre skulestrukturvurderinga jamf saksutgreiinga. Brukargrupper må delta i arbeidsgruppene “

#### AMU 006/17

«Framdriftsplan og organisering av prosessen rundt skulestruktur i Stranda er i tråd med regelverk for å ivareta tilsette sine rettar.»

Saken vart drøfta med hovudtillitsvalde frå Utdanningsforbundet, Skolelederforbundet og Fagforbundet før sak om framdrift og organisering vart lagt fram.

UDR drøfta saka i møte 05.04.17 – Får også høyringa til uttale

#### Folkemøter

Det er gjennomført folkemøte i Liabygda, Geiranger og Hellesylt.

### Mandat til utgreiing (jfr saksutgreiing FOR 089/16)

Rådmannen legg til grunn at det ikkje er aktuelt å vurdere drifta av dei to skulane i Stranda tettstad.

Skulane som må utgreiast:

#### Sunnylven skule (1. – 10.)

- Vere som i dag 1 – 10 skule
  - Ungdomsskule på Stranda
  - Storskule (5. – 7.) og ungdomsskule på Stranda
1. – 4. vert ikkje foreslått utgreia grunna omsyn til reisetid for elevane.

#### Liabygda skule (1. – 7.)

- Vere som i dag med 1 – 7 skule
  - Legge ned skulen:
  - \* Alle elevar frå 1 – 10 på Stranda
  - \* Samarbeid med Stordal 1 – 10
  - \* Samarbeid med Norddal 1- 10
8. – 10. klasse går i dag på Stranda. Det er ikkje naturleg vidareføre det om ein går i samarbeid med ei av nabokommunane.

#### Geiranger skule (1. – 10.)

- Vere som i dag 1 – 10 skule
- Samarbeid med Norddal om:

- \* Ungdomstrinn
- \* Storskule og ungdomstrinn
- \* Alle klassetrinn

### Vidare sakshandsaming:

- Høyring med frist 04.05.17 (høyringsperiode 4 veker)
- Politisk sak til HOK 16.05, PAU 22.05, KOM 08.06 for endeleg vedtak.

## Lovgrunnlag

### Opplæringslova § 8-1. Skolen

”Grunnskoleelevane har rett til å gå på den skolen som ligg nærast eller ved den skolen i nærmiljøet som dei soknar til. Kommunen kan gi forskrifter om kva for skole dei ulike områda i kommunen soknar til.....”

### Forvaltningslova § 37. (utredningsplikt, forhåndsvarsling og uttalelser fra interesserte).

”Forvaltningsorganet skal påse at saken er så godt opplyst som mulig før vedtak treffes.

Offentlige og private institusjoner og organisasjoner for de erverv, fag eller interessegrupper som forskriftene skal gjelde eller gjelder for eller hvis interesser særlig berøres, skal gis anledning til å uttale sig før forskriften blir utferdiget, endret eller opphevet. Så langt det trenges for å få saken allsidig opplyst, skal uttalelse også søkes innhentet fra andre.

Forvaltningsorganet bestemmer på hvilken måte forhåndsvarslingen skal foregå og kan sette frist for å gi uttalelse”.

### Rundskriv udir-2-2012 om ”Behandling av saker om skolenedleggelse og kretsgrenser”

Sitat: Hverken opplæringsloven eller annet regelverk har innholdsmessige regler for endring av skolestruktur, det vil si regler for når det er lovlig eller ulovlig å legge ned eller opprette en skole. Avgjørelser knyttet til skolestruktur ligger i kjerneområdet av den kommunale handlefriheten. En avgjørelse må bygge på et kommunestyres økonomiske, politiske og samfunnsmessige prioriteringer.

Det er et ulovfestet forvaltningsrettslig prinsipp at forvaltningen skal treffe vedtak etter at saken har vært behandlet på forsvarlig måte. Forsvarlig saksbehandling krever at en sak er tilstrekkelig opplyst før det blir gjort vedtak.

Siden avgjørelsen om å legge ned en skole ikke er et enkeltvedtak, kommer ikke reglene i forvaltningslovens kap. IV (om saksforberedelse ved enkeltvedtak), V (om vedtaket) og VI (om klage og omgjøring) direkte til anvendelse. Det er likevel et generelt forvaltningsrettslig prinsipp at en sak skal være forsvarlig klarlagt før avgjørelse blir tatt. I en sak om skolenedleggelse betyr dette at kommunestyret skal ha rimelig kjennskap til synspunktene til de som berøres av nedleggelsen før et vedtak treffes.

Spørsmål om skolestruktur og eventuelle kretsgrenser for skoler vil i stor grad berøre foreldre og nærmiljø. Skolens samarbeidsutvalg, alternativt foreldrerådet, bør derfor få anledning til å uttale seg når det gjelder vedtak om skolestruktur.

Andre som bør få anledning til å uttale seg i slike saker kan være:

- fagforeningene for de ansatte ved skolen, grendelag og andre grupper og organisasjoner som kan ha interesse i saken
- andre brukere av skolen som vil bli påvirket av en nedleggelse
- andre brukerorganer ved skolene, for eksempel skolemiljøutvalg og elevråd
- samarbeidsutvalg eller foreldreråd ved andre skoler som berøres

Øvrig avtale og lovverk om medbestemmelse avtalt mellom partene forutsettes fulgt opp. Hvis endring av skolestruktur medfører endringer i skysstbehov, bør også fylkeskommunen få anledning til å uttale seg i saken.

Det er såleis ikkje høve til å legge ned ein skule eller gjere endringar i krinsgrensene i eit budsjettvedtak, utan at saka har vore ute på høyring. Elevrådet, foreldrerådet sitt arbeidsutval (FAU) og samarbeidsutvalet (SU) ved kvar skule får høve til å gje ein uttale før saka skal behandlast i formannskap og kommunestyre. I tillegg blir saka sendt på høyring til Møre og Romsdal fylkeskommune v/samferdselsavdelinga, ungdomsrådet og til organisasjonane.

## Demografi /folketalsframskriving for Stranda

		2017	2020	2025	2030	2035	2040
1525 Stranda	0 år	51	53	53	52	49	48
	1-5 år	218	237	270	271	263	253
	6-12 år	342	335	337	381	388	380
	13-15 år	178	147	144	139	168	170
	16-19 år	255	241	202	199	210	229
	20-44 år	1392	1407	1421	1389	1331	1319
	45-66 år	1258	1276	1245	1231	1226	1212
	67-79 år	581	585	612	615	673	698
	80-89 år	252	247	261	321	320	327
	90 år eller eldre	74	69	77	76	92	115
	Sum	4601	4597	4622	4674	4720	4751

## Skulestruktur, stabile tilhøve

Det vert hevda at stadige trugslar om skulenedleggingar fører til uro og frustrasjon. Liabygda skule har vore nemt i forbindelse med nedskjeringar i økonomien gjennom fleire år. Flytting av ungdomstrinnet ved Sunnylvn skule har i nokre samanhengar vore nemt som ei mogleg økonomisk innsparing. Politisk debatt og vedtak om nedlegging eller bevaring over lengre tid bør no gjennomførast for slik skape ro. Vurderingane må gjerast på bakgrunn av demografiske, pedagogiske, økonomiske, bygningsmessige og andre samfunnsøkonomiske tilhøve.

Mest av alt skal ein ha fokus på skulen som opplæringsinstitusjon; korleis gi elevane våre dei mest optimale og likeverdige læringsvilkår med dei økonomiske rammene kommunen til ei kvar tid har til disposisjon og kva er mest hensiktsmessig?

For å skape stabile tilhøve for både elevar, føresette, tilsette i skuleverket og for å unngå utmattande debattar og kamp mellom grend og sentrum, bør kommunestyret seie noko om korleis skulestrukturen i Stranda kommune skal vere på kort og lengre sikt.

## Likeverdig skuletilbod/ endringar i elevtal

Eit likeverdig skuletilbod i heile kommunen, betyr ikkje at tilbodet skal vere likt, men det skal vere utjamnande og opplevast rettferdig for brukarane. Likeverdet gjeld både for enkelteleven og mellom skulane. Likeverd handlar ikkje berre om økonomi, men også om elevane sine muligheiter til eit godt, tilpassa læringsmiljø, høve til vaksenkontakt og til sosial utvikling i samvær med barn på same alder. Vi har i dag 5 skular i Stranda kommune. Ringstad skule, Stranda Ungdomsskule, Liabygda skule, Geiranger skule og Sunnylvn skule.

Elevtalet på barnetrinnet fordelar seg slik pr mars 2017:

		1. trinn f. 2010	2. trinn f. 2009	3.trinn f. 2008	4. trinn f. 2007	5. trinn f. 2006	6. trinn f. 2005	7. trinn f. 2004
Ringstad skule		33	33	34	45	39	35	38
Liabygda skule		4	-	3	3	1	3	3
Sunnylvn skule		6	11	4	8	9	8	5
Geiranger skule		5	2	-	3	4	-	2

Elevtalet på ungdomstrinnet fordelar seg slik pr mars 2017:

		8. trinn f. 2003	9. trinn f. 2002	10.trinn f. 2001
Stranda ungdomsskule		42	46	52
Sunnylvn skule		8	10	9
Geiranger skule		1	4	1

Kjent barnetalsutvikling i åra som kjem pr mars 2017:

	f. 2011	f. 2012	f. 2013	f. 2014	f.2015
Stranda tettstad	42	36	38	23	33
Liabygda	1	-	2	2	-
Sunnylvn	4	3	3	3	4
Geiranger	-	4	3	3	2

## Skulestorleik

Det er opp til kommunane sjølve å vurdere spørsmålet om kor små eller store skulane kan/bør vere. Dette må vurderast opp mot det pedagogiske tilbodet og reisetida for elevane. I Opplæringslova heiter det at "det til vanleg ikkje bør skipast grunnskolar med meir enn 450 elevar". Dette er ikkje ei absolutt grense. Med god fysisk tilrettelegging av bygningar og uteområde kan ein godt ha skular med fleire elevar.

Det er lite forskning som seier noko om læringsutbytte knytt til storleik på skule. Den forskinga som er gjennomført har definert skular under 300 elevar som små skular.

Tone H. Sollien, Asplan Viak har drøfta kvalitet i små og store skular. Ho oppsummerar med at det ikkje er forskningsmessig grunnlag for å konkludere med at skulestorleik isolert sett påverkar kvalitet. Oppsummeringa seier likevel:

#### **«Elevenes faglige utbytte**

*Forskningen viser at det er noe forskningsmessig belegg for å si at det faglige utbytte øker med skolestørrelse. Det er imidlertid ikke grunnlag for å si at størrelse i seg selv og alene skaper økt faglig utbytte for elevene.*

#### **Elevenes sosiale kompetanse (mobbing, trivsel etc)**

*Det finnes ikke forskningsmessig belegg av betydning for å si at skolestørrelse har betydning for læringsmiljø og elevenes sosiale kompetanse.*

#### **Elevenes motivasjon for læring**

*Det finnes ikke forskningsmessig belegg for å si at skolestørrelse har betydning for elevenes motivasjon for læring.*

#### **Elevmedvirkning**

*Det finnes ikke forskningsmessig belegg for å si at skolestørrelse har betydning for mulighetene for elevmedvirkning i skolen.*

#### **Tilpasset opplæring og like muligheter**

*Forskningen gir noe støtte for at mindre skoler kan være bedre for visse elevgrupper. Igjen er det viktig å huske på at "mindre skoler" i internasjonal forskning er atskillig større enn hva man i Norge definerer som mindre skoler. Det er lite eller ingen forskning på tilpasset opplæring og skolestørrelse, med unntak av forskning som ser på muligheten for å bruke lokalsamfunnet som læringsarena (se nedenunder). Denne forskningen er særlig opptatt av den positive rollen de små bygdeskolene (ofte skoler med under 50 elever) kan spille i bygdesamfunn samt muligheten elevene får til sosial læring gjennom bruk av aldersblandede grupper i fådelte skoler.*

#### **Samarbeid med hjemmene**

*Det finnes ingen forskning eller tilgjengelige nasjonale data som sier noe om sammenhengen mellom skolestørrelse og samarbeid skole-hjem.*

#### **Samarbeid med lokalsamfunnet**

*Det finnes noe forskningsmessig belegg for å si at små bygdeskoler gir noe bedre muligheter for godt samspill mellom skole og lokalsamfunn og for å integrere lokalsamfunnet i skolens læringsaktiviteter. Den norske forskningen på dette området har imidlertid i stor grad omhandlet skoler under 50 elever.*

*Ut fra dette konkluderer vi at andre faktorer i skolens rammebetingelser og skolens virksomhet har større betydning for kvaliteten i skolen enn størrelsen på skolene. Uavhengig av valgt skolestørrelse er kvalitet og kvalitetsutvikling i skolen avhengig av at man arbeider i forhold til det man fra forskningen vet har betydning for kvaliteten i skolen, jf. punktene på side 5»*

Forskning viser at fem forhold er grunnleggande når ein arbeider med å utvikle og oppretthalde gode læringsmiljø (henta frå udir.no):

- Lærerevne til å lede klasser og undervisningsforløp
- Lærerevne til å utvikle positive relasjonar med kvar enkelt elev
- Positive relasjonar og kultur for læring blant elevene
- Godt samarbeid mellom skole og heim
- God ledelse, organisasjon og kultur for læring på skolen



## Kompetanse og rekruttering generelt / fagmiljø

Ved større einingar med mange tilsette kan ein få eit breiare fagmiljø med større grad av spisskompetanse. Det kan og vere lettare å utnytte kompetansen i personalet på ein god måte. Lærarane får arbeide i team, noko som for mange vert trekt fram som positivt. Ressursane kan utnyttast på ein fleksibel måte, både i spesialundervisning og i tilrettelegging for tilpassa opplæring. Eit større og variert fagmiljø vil truleg også gjere det lettare å rekruttere kvalifisert personale, særleg dersom ein kan tilby gode fysiske arbeidsforhold.

Ved grunnskulane i Stranda er det pr dato 14 lærarar over 60 år. Dei fleste av desse stillingane er knytt til undervisning på barnetrinna.

[Krava til kompetanse for tilsetting i grunnskulen er endra](#). Det er stilt krav om studiepoeng for å undervise i kjernefaga norsk, engelsk og matematikk både på barnetrinnet (30 stp) og på ungdomstrinnet (60 stp). Kommunane har fram til 2025 på å oppfylle krava.

Det betyr at vi har mange lærarar som må gjennomføre vidareutdanning for at kommunen skal greie å oppfylle krava. Dette set også krav til kommunane når det gjeld å rekruttere nye lærarar for å få gjennomført kompetansehevinga på tilsette. Søkinga på undervisningsstillingar har vore lavare enn vi ønskjer dei siste åra, men vi ser at i år er tal på søkjarar vesentleg høgre. Skal kommunen framleis rekruttere lærar til 5 skular, derav 3 med ungdomstrinn, kan det bli krevande.

## Læringsmiljø

I vurderinga av skulestruktur og kvalitet i skulen må ein stille spørsmål om kva skulane treng for å kunne realisere Kunnskapsløftet m.o.t. læreplanar, tilpassa opplæring, tryggleik og trivsel, og eit godt læringsmiljø både fagleg, sosialt, psykisk og fysisk.

Eit godt læringsmiljø er det sentrale i tilrettelegging av ein god skule. Skulen treng dyktige lærarar og så mange vaksne at den einskilde eleven får tilfredsstillande vaksenkontakt og tilrettelagt undervisning ut frå behov og føresetnad. Sosial kontakt og impulsar er viktig for læringsprosessen. Store skular kan gjere at elevane misser oversikt, medan små skular kan hemme sosial utvikling. Eit større sosialt og fagleg miljø har meir å seie til eldre elevane er. Kunnskapsløftet har tilført skulane nye og krevjande oppgåver med planlegging, dokumentasjon, vurdering m.m. Det er også mange utfordringar i forhold til auken i elevmangfaldet; dette gjeld både innvandrarar og dei etnisk norske elevane. Det blir stilt auka krav til kompetanse og fagleg nivå på lærarane. Små einingar kan ha vansker med å få den kompetansen som ein treng eller at dei tilsette som er der fyller opp alle krav som er sett til kompetanse i dei ulike faga.

## Skulebygg

Sunnylven skule hadde ei grundig tilstandsvurdering i 2008 i samband med den planlagte renoveringa av skulen.

Skulebygga i Geiranger og Liabygda vert i desse dager vurdert av innleigd kompetanse i firmaet A-R-T. A-R-T har kompetanse innan arkitektur, byggeteknisk rådgjeving og prosjektadministrasjon.

Rapportane vil bli lagt fram i politisk sak om skulestruktur.

## Skuleskyss

Lovgrunnlaget:

**«§ 7-1.Skyss og innlosjering i grunnskolen**

*Elevar i 2.-10. årstrinn som bur meir enn fire kilometer frå skolen har rett til gratis skyss. For elevar i 1. årstrinn er skyssgrensa to kilometer. Elevar som har særleg farleg eller vanskeleg skoleveg har rett til gratis skyss utan omsyn til veglengda.*

*Når det er nødvendig, har elevar rett til gratis båttransport utan omsyn til reiselengda.*

*Departementet gir nærmare forskrifter om tryggleiken til elevane under skoleskyssen.*

*Kommunen skal innlosjere elevar når dagleg skyss ikkje er forsvarleg. I vurderinga skal det særleg leggjast vekt på forhold som gjeld den enkelte eleven, til dømes alder, funksjonshemming, reisetid og tryggleik, og om dagleg skyss fører til ekstraordinære kostnader eller vanskar for kommunen. I tvilstilfelle avgjer foreldra om eleven skal skyssast eller innlosjerast.*

*Kommunen fører tilsyn med grunnskoleelevar som er innlosjerte.»*

#### **§ 7-4. Reisefølgje og tilsyn**

*Elevane har rett til nødvendig reisefølgje. Elevane har rett til nødvendig tilsyn når det blir ventetid før undervisningstida tek til og etter at undervisningstida er slutt. Retten til nødvendig reisefølgje og til nødvendig tilsyn gjeld også for barn som har rett til skyss til og frå skolefritidsordninga etter § 7-3 andre ledd.*

#### **«§ 13-4. Ansvar for skoleskyss m.m.**

*Kommunen er ansvarleg for skyss av grunnskoleelevar og vaksne som har rett til skyss på grunn av særleg farleg eller vanskeleg skoleveg. Kommunen skal oppfylle retten til reisefølgje og tilsyn for grunnskoleelevar og vaksne. Kommunen skal oppfylle retten til reisefølgje og tilsyn for førskolebarn, grunnskoleelevar og vaksne. Elles er fylkeskommunen ansvarleg for skyss, reisefølgje og tilsyn etter reglane i kapittel 7. Kommunane betaler refusjon etter persontakst for grunnskoleelevar og vaksne som blir skyssa av fylkeskommunen.*

*Fylkeskommunen skal organisere skoleskyssen i samråd med kommunen. Dersom kommunen og fylkeskommunen ikkje blir samde om korleis skoleskyssen skal organiserast og finansierast, kan departementet gi pålegg.*

*Departementet kan gi forskrifter om heimreiser, reisefølgje og opphald for dei som må innlosjerast for å få hjelp eller opplæring etter denne lova, dessutan forskrifter om skoleskyss, skyssgodtgjersle og heimfylket sitt ansvar for å refundere utgifter til skyss i samband med vidaregåande opplæring i eit anna fylke»*

Det er Møre og Romsdal fylkeskommune som organiserar skysstilbodet til alle elevar i fylket.

Skyssen gjeld på strekninga mellom bustad og skule og gir rett til skyss til skulen si ordinære start- og sluttid. Skyss til SFO og etter leksehjelp er ikkje omfatta av rett til skyss.

Kommunane betalar billettpris for eleven som gjeld på strekninga.

#### **Retten til skuleskyss i grunnskulen gjeld dersom:**

- Du har meir enn 4 km avstand mellom heim og skule. For førsteklasingar er avstanden 2 km.

- Du på grunn av funksjonshemming, skade eller sjukdom har behov for skyss, uavhengig av avstanden mellom bustad og skule.
- Du har særleg farleg eller vanskeleg skuleveg, uavhengig av veglengde mellom bustad og skule.
- Det er nødvendig med båt- eller ferjetransport, utan omsyn til reiselengde mellom bustad og skule.

[Utdanningsdirektoratet har gitt sin tolkingsuttale på reisefølge og tilsyn når en elev må bytte transportmiddel.](#)

Skysreglement for grunnskule i Møre og Romsdal: (Heile reglementet ligg ved som vedlegg)  
Møre og Romsdal fylkeskommune nyttar rettleiande samla reisetid (gang-, reise-, og ventetid undervegs ein veg): 1.-4. klasse inntil 45 minutt, 5.-7. klasse inntil 60 minutt, 8.-10.- klasse inntil 75 minutt.

## Skulen sin plass i nærmiljøet

Skulen har tradisjonelt sett hatt ein sentral plass i nærmiljøet. Læreplanen legg vekt på det nære samarbeidet mellom skule, heim og nærmiljø. Nærmiljøet er ein ressurs i undervisninga, og samarbeidet er med på å legge grunnlag for born og ungdom si aktive deltaking i samfunnet. Det er ikkje vanskeleg å forstå at ei sak om skulestruktur angår innbyggjarane sterkt. Dette gjeld både i sentrumsområdet og i grendene i kommunen. Saka omfattar både elevar, foreldre, personale og ei rekkje andre interesser, som t.d. grendahus, idrett, kultur, symjing, trafikktrygging og skuleskyss. I dag reiser både barn og vaksne mellom krinsane for å delta i fritidsaktivitetar, og dei har gjerne venar og kjende over heile bygda.

Born i Liabygda har aktivitetar knytt både til Stordal, Stranda og Valldal.

Born i Geiranger har felles fritidsaktivitetar med born frå Eidsdal og Norddal.

Skulen er først og fremst ein læringsinstitusjon. Rektor og lærarane sine oppgåver er å kvalitetssikre at opplæringa som elevane får er forsvarleg. Dersom både elevtalet og den økonomiske ramma vert redusert, vil skulen kunne få problem med å oppfylle krava til eit godt læringsmiljø.

Rådmannen sitt fokus er kva som gir ein god og likeverdig skule for elevane. Andre konsekvensar for lokalsamfunnet kan vere gjenstand for innspel og drøftingar i den politiske handsaminga.

## Liabygda skule

### Elevtalsutvikling

2016/2017	2017/2018	2017/2018	2018/2019	2019/2020
17 elevar	15 elevar	12 elevar	13 elevar	12 elevar

### Alternativ som er vurdert

1. Liabygda skule skal vere som i dag med 1 – 7 skule
2. Alle elevar frå 1 – 10 skal gå grunnskule på Stranda
  - 8. – 10. klasse går i dag på Stranda. Det er ikkje naturleg vidareføre det, om ein går i samarbeid med ei av nabokommunane.
3. Samarbeid med Stordal eller Valldal. Alle elevar frå Liabygda går på skule i Stordal eller Valldal

Arbeidsgruppa sin rapport ligg ved i si heilheit.

### Reiseavstandar

Elevane i Liabygda har i dag kort skuleveg til skulen (under 15 minutt)

Dersom elevane skal gå i Stordal eller Valldal vert reisevegen noko lenger for elevane (ca 25 minutt for dei med lengst reiseveg)

Ved å overflytte elevane til Ringstad skule, så kan reisetida bli opp mot 40 minutt kvar veg.

Skulevegen inneheld båt (ferje) og dette i seg sjølv gir rett til skuleskyss. Spørsmålet er om bytte av transportmiddel mellom buss og ferje er å definere som særleg farleg. [Utdanningsdirektoratet har i sin tolkingsuttale sagt noko om dette.](#)

### Økonomi

Liabygda skule og barnehage har for eit budsjett på ca kr 3 700 000,- Dette inneheld både drift av skule, skulebygg, barnehage og SFO.

Innsparing ved nedlegging av skulen vil i årsverknad vere ca kr 2 000 000,- Det er då tatt høgde for at det må aukast noko administrasjon i barnehage (omgjering av stilling frå pedagogisk leiar til styrar med tilhøyrande administrasjon), midlar til minimumsdrift av skulelokalet og midlar til SFO (lønn) i si heilheit overført til barnehagen for drifting av SFO. Utgifter til skuleskyss vil bli om lag på samme nivå som i dag eller lavare.

Innsparinga vil ikkje ha full effekt frå hausten 2017. Det kjem av at ein må sikre tilsette sine rettar og bruke midlar på tømning av skulen o.l. Kostnaden av dette er vanskeleg berekne på førehand.

Ved kjøp av skuleplass i anna kommune er det vanleg å nytte KOSTRA tal som utgangspunkt.

Netto driftsutgifter til grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per innbygger 6-15 år

Stordal 2015 (2016 tal ikkje tilgjengeleg): kr 104 000,- pr.elev

Norddal 2016 : kr 156 471,- pr.elev

Rådmannen har ikkje formelt vore i kontakt med Stordal og Norrdal kommune for samarbeid. I tidlegare saker der elevar /grendelag har søkt om å få gå skule i anna kommune har Stranda kommune avslått desse søknadane. Dette kan ein tolke som ein presedens.

## Rådmannen si vurdering av Liabygda skule si framtidige drift

Eleventalet i Liabygda går ned. Elevar og foreldre har uttrykt at det i mange tilfelle vert eit for lite fagleg og sosialt miljø for elevane på skulen. På folkemøtet var forsamlinga delt i hovudsakleg 4. Eit fåtal vil behalde skulen som i dag, nokre ønska å flytte elevane til Stranda, andre til Stordal eller Vallidal. Liabygda høyrer til Stranda kommune og rådmannen ser det som naturleg at elevane ved nedlegging vert flytta til Ringstad skule.

SFO var eit viktig punkt for foreldra å behalde i Liabygda. Rådmannen ser utfordringa familiar står i om SFO tilbodet ikkje ligg i tilknytning til der ein bur eller der ein arbeider. Barnehagen bør difor tilby SFO i Liabygda til dei som ynskjer nytte det. Skyss til denne ordninga må betalast av kommunen.

Alle elevane frå Liabygda har rett på skuleskyss. Det er fylket som organiserer skyssen. Foreldra har uttrykt stor bekymring rundt skyssen til dei yngste elevane (1. – 4. klasse). Kommunen skal legge til rette med følgje dersom det t.d ved bytte av transportmiddel er vurdert som særleg farleg.

Departementet har i sin tolkingsuttale skrive noko om dette.

*«Reisefølge og tilsyn*

*Elever har rett til nødvendig reisefølge og til nødvendig tilsyn når det blir ventetid før undervisningstiden starter og etter at undervisningstiden slutter. Regelen om tilsyn gjelder i hovedsak tilsyn mens eleven venter på skoleområdet før og etter skoletid, men også tilsyn i sammenheng med at eleven bytter skyssmiddel kan i særlige tilfeller være omfattet. Dette gjelder situasjoner hvor bytte av skyssmiddel er særlig farlig.*

*I forhold til spørsmål om bytte av skyssmiddel er særlig farlig, viser forarbeidene til lovutkastet § 7-1. I merknadene til § 7-1 om farlig skolevei står det uttalt: «Både tilstanden til skolevegen, klima, trafikkforholda på vegen og forhold knytte til den enkelte eleven er viktige når kommunen skal vurdere om skolevegen er særleg farleg eller vanskeleg.» At det skal tas hensyn til forhold knyttet til den enkelte elev innebærer at det skal foretas en konkret vurdering knyttet til den enkelte elev, hvor elevens alder og modenhet blant annet kan være avgjørende for om skoleveien er særlig farlig.*

*Helgeland skriver i sin merknad til § 7-4 på s. 227: «For eksempel kan de minste elevene bli utsatt for særskilt farlige situasjoner på en stor og travel busstasjon, der de må bytte buss på vei til skolen.»*

Rådmannen vil tilrå at det vert sett inn tilsyn til bytte av skyssmiddel ved overgang til ny reisemåte. Det vert tatt vurdering av kor lenge tilsynet skal vere ut i frå den enkelte elev si modning og kor utfordrande bytte av transportmiddel er.

Skulen har pr i dag fire tilsette. Tre av desse med undervisningskompetanse og ein assistent i skule og SFO. Rektor ved skulen har dei siste 2 åra hatt permisjon frå delar av si stilling. Dei to andre tilsette i undervisningsstillingar er i alderen 69 år og 65 år.

Alle tilsette vil ved nedlegging få tilbod om tilsvarande stilling i kommunen.

Tidspunkt for når ein skule skal leggest ned er ofte gjenstand for diskusjon. Foreldre og elevar vil gjerne ha god tid til førebuing. Diskusjonen rundt Liabygda skule har vore til og frå i budsjettdebattar i fleire år. Denne gongen kom det som ei bestilling av gjennomgang av skulestruktur frå

formannskapet i mai 2016. Elevar, tilsette og foreldre har vore engsjert i arbeidsgruppe og folkemøte. Førebuinga på at skulen kan bli nedlagt har vart sidan slutten av 2016. Rådmannen si innstilling er lagt offentleg i veke 14, altså 4,5 mnd før elevane skal ta til på ny skule. Rådmannen meiner difor det er forsvarleg å foreslå ei nedlegging allerede frå august 2017.

Rådmannen deler synet på at skulen som i dag har 17 elevar og framleis nedgang i elevtal gir eit for lite fagleg og sosialt miljø for elevar og lærarar.

Rådmannen innstiller på at elevane frå Liabygda vert flytta til Ringstad skule. Overflyttinga vil ikkje utløyse klassesdelingar.

## Geiranger skule

### Elevtalsutvikling

Elevtalsutvikling ved å fortsette som 1. – 10 skule i Geiranger:

Skuleår	1-4 kl	5-7 kl	8-10 kl	Totalt
2016/2017	10	6	6	22
2017/2018	7	7	7	21
2018/2019	11	7	3	21
2019/2020	12	5	6	23
2020/2021	10	7	7	24
2021/2022	13	7	7	27
2022/2023	10	9	5	24

Elevtalsutvikling ved å slå seg saman med Eidsdal skule.

Skuleår	1-4 kl	5-7 kl	8-10 kl	Totalt
2016/2017	32	21	22	75
2017/2018	28	25	19	72
2018/2019	31	24	16	71
2019/2020	29	23	21	73
2020/2021	27	22	25	74
2021/2022	24	23	24	71
2022/2023	22	23	23	68

### Alternativ som er vurdert av arbeidsgruppa

#### Geiranger skule (1. – 10.)

- Vere som i dag 1 – 10 skule
- Samarbeid med Norddal om:
  - \* Ungdomstrinn
  - \* Storskule og ungdomstrinn
  - \* Alle klassesetrinn

Eit samarbeid med Eidsdal skule føreset at elevane frå Geiranger reiser til Eidsdal då skulen i Geiranger ikkje har kapasitet til å ta imot elevane frå Eidsdal.

Arbeidsgruppa sin rapport ligg ved i si heilheit.

### Reiseavstandar/ skuleskyss

#### Vere som i dag 1-10 skule:

Dei fleste elevane bur innanfor 2 km frå skulen og kan gå til og frå.

Skulebuss går frå Ørjasæter kl. 08.00. Elevane er framme på skulen 10-15 min før skulestart.

#### Samarbeid med Norddal:

Elevane i Eidsdal har skulestart kl. 08.35 Bussen som køyrer elevane til Eidsdal skule i dag, er samtidig rutebuss frå Geiranger. Denne startar 07.35 frå Union.

Dersom ein tenkjer seg eit samarbeid med Norddal på noverande Eidsdal skule, vil bussen måtte starte frå Ørjasæter ca 07.15 for å vere framme til skulestart.

Elevane får reisetid på 60-75 minutt kvar veg. I tillegg kjem ein uoversiktleg trafikksituasjon på sommarstid som gjer at reisetida, spesielt på ettermiddag, ofte blir lengre enn berekna.

Vegen til mellom Geiranger og Eidsdal er ikkje rassikra og vil, inntil den er sikra, vere ein usikker skuleveg vinterhalvåret med fleire stengingar av vegen gjennom sesongen.

## **Økonomi**

Skulen har ca 6 lærarstillingar kostnader på ca 3,75 million inklusiv sosiale kostnader.

Inntil 150 % stillingane er nytta til undervisning på ungdomstrinnet.

Lønnskostnader knytt til ungdomstrinnet er berekna til ca kr 930 000 ,- inklusiv sosiale kostnader.

Det er lite som vert spart på materiell og kostnader knytt til bygg ved å flytte berre delar av elevane.

Rådmannen har ikkje formelt vore i kontakt med Norddal kommune om evt kjøp av skuleplassar og samarbeid. Evt kjøp av skuleplass i Eidsdal medfører kostnad (vanlegvis knytt til KOSTRA)

Norddal 2016

: kr 156 471,- pr.elev

## **Rådmannen si vurdering av Geiranger skule si framtidige drift**

Reisetid utelukkar elevar som er på barnetrinnet. Ungdomstrinnet kan mtp reisetid vere i eit samarbeid med Eidsdal. Ein må likevel vege gevinsten av å flytte elevane opp mot belastning det påfører dei. Vegen mellom Geiranger og Eidsdal er pr. dato ikkje rassikra. Dette i seg sjølv gjer at ein ikkje kan innstille på ei flytting av ungdomstrinnet før rassikringa er på plass.

Elevtalet i Geiranger er lavt, men svakt aukande dei neste åra som vist i tabellen ovanfor. Fødselstala og rekruttering i barnehagen tilseier at elevtalet i åra etter 2023 vil gå ned. I ei bygd som Geiranger kan det gi store utslag i elevtalet om ein familie flyttar til eller frå. Berre framtida kan seie korleis dette slår ut i Geiranger etter 2023.

Skulen har i dag 6 tilsette. Ca 1,5 stilling er knytt til ungdomstrinnet. Rekruttering er utfordrande. Om ein skulle velge å flytte ungdomstrinnet til Eidsdal på sikt, så vil fagmiljøet bli mindre og det kan påverke ei allerede utfordrande rekruttering. Krava til kompetanse for tilsetting i grunnskulen er endra. Det er stilt krav om studiepoeng for å undervise i kjernefaga norsk, engelsk og matematikk både på barnetrinnet (30 stp) og på ungdomstrinnet (60 stp). Kommunane har fram til 2025 på å oppfylle krava. Viser det seg at ein ikkje greier å utdanne og rekruttere lærarar som oppfyller kompetansekrava må ein gjere vurdering på om ein skal samarbeide med Eidsdal om ungdomstrinnet.


Rasfare og reiseavstandar vert vurdert som meir belastande for elevane enn det læringsutbytte, læringsfellesskap osv dei kan få ved å samarbeide med Eidsdal skule.

Rådmannen innstiller på at Geiranger skule framleis skal vere 1. – 10. skule.



# Sunnylven skule

## Elevtalsutvikling



### Alternativ som er vurdert

1. Vere som i dag, uendra struktur med 1 - 10 skule.
2. Ungdomssteg flyttast til Stranda u. skule. (Sunnylven skule 1 - 7 skule)
3. Ungdomssteg og mellomsteg flyttast til Stranda u. skule/Ringstad (Sunnylven skule 1 -4 skule)

1 - 4 trinn vert ikkje utgreia, grunna omsyn til reisetid for elevane.

Arbeidsgruppa sin rapport ligg ved i si heilheit.

### Reiseavstandar/ skyss

Skysstida i dag er på 45 min. frå Nibbedalen til skulen. Dersom elevane skal til Stranda, vil skysstida nærme seg 1 t 15 minutt kvar veg. Fleire av elevane ved Sunnylven skule har pr i dag reise og ventetid på meir enn 30 minutt kvar veg.

Skal elevane flyttast til Stranda vert tida utvida med ca 30 minutt for alle elevar utanom Ljøen.

Reisetid utelukkar at elevar som er på barnetrinnet vert flytta til Stranda. Ungdomstrinnet kan mtp reisetid flyttast til Stranda. Ein må likevel vege gevinsten av å flytte elevane opp mot belastning reisetida det påfører elevane.

### Økonomi

Omlag 4 tilsette er knytt til ungdomstrinnet. Snittløn pr lærar er berekna til ca 620 000,- inklusiv sosiale kostnader. Vert ungdomstrinnet flytta, må ein også flytte ressursar med elevane. Innsparing er vanskeleg å berekne. Elevtalet totalt på dei ulike trinna på Stranda ungdomsskule vil variere, men vere høge. Så høge at dei i nokre årskull utløyser ei ny klassesdeling. Det er utfordrande å gi tilstrekkeleg tilpassa opplæring i store klasser. Ein konsekvens av dette kan bli at andel elevar som må ha spesialundervisning aukar.

## Rådmannen si vurdering av Sunnylven skule si framtidige drift

Sunnylven skule vil få ein nedgang i elevtal om det ikkje kjem tilflytting. Likevel er der nok elevar til at ein kan stette behovet for eit fagleg og sosialt miljø for elevane.

Reisetid utelukkar at elevar som er på barnetrinnet vert flytta til Stranda. Ungdomstrinnet kan mtp reisetid flyttast til Stranda. Ein må likevel vege gevinsten av å flytte elevane opp mot belastning reisetida det påfører elevane. Ei reisetid på vel 60 minutt kvar veg er belastande for eleven. Det vil gå på bekostning av tid som kan nyttast til lekser og sosial aktivitet saman med vener. Rådmannen vurderar at belastinga ved lang reiseveg er større enn den gevinsten elevane kan få ved å vere i eit større læremiljø.

Bekymringa ligg i om ein i framtida greier å skaffe fagkompetanse som kan stette kravet i forskrift om kompetanse i grunnskulen. Utlyste stillingar i år viser at det er ei auke i kvalifiserte søkjarar samanlikna med dei siste åra. Tek ein vekk ungdomstrinnet, kan også det påverke søknaden til stillingar ved Sunnylven skule. Færre stillingar gir eit mindre fagmiljø for dei tilsette. Skulen slik den er organisert i dag gir dei tilsette tilknytning til team. Med nedgang i tal på elevar kan ein vente at tal på stillingar ved skulen vil gå noko ned i åra framover.

Skulen må renoverast for at ein i framtida skal drive skule der. Midlar til oppstart er sett av i investeringsplanen i 2018.

Rådmannen tilrår at Sunnylven skule framleis vert ein 1. – 10. skule og at planlagt renovering av skulebygg vert gjort i tråd med investeringsplanen.

## Rådmannen si tilråding

- 1) Geiranger skule vert framleis 1 – 10 skule.
- 2) Sunnylvn skule vert framleis 1 – 10 skule. Renovering av skulebygget bør starte i tråd med investeringsplanen.
- 3) Liabygda skule vert lagt ned frå 01.08.17
  - a. Elevane vert flytta til Ringstad skule
  - b. Skuleskyss vert tilrettelagt etter gjeldande regelverk og vurderingar om farleg skuleveg.
  - c. Liabygda barnehage tilbyr SFO til dei elevane som ynskjer det.
  - d. Nedbemanning av tilsette skjer etter gjeldande sentrale og lokale retningslinjer for nedbemanning.